

Ordføreren sitt hjørne - januar 2018



Året 2018 er snart ein måned gamalt. For ei bygd som lever av snøen har dette så langt vore ein fantastisk vinter. Det ser ut som hyppige snøfall skal halde fram. Då må vel eg og mange andre gå på og maka taka på hus og hytter. Det er god mosjon i slikt arbeid, og så er ein på den sikre sida av kva taka tåler av snølast. Det er mykje glede med ein god gamaldags vinter.

Kva oppgåver ligg framfor Hemsedal kommune? Det er noko me prøver å vurdere i mange samanhengar. Handlingsplan og budsjett blir handsama kvart år, og der er hovudfokuset komande budsjettår og med eit blikk på dei neste 3 åra. Kommuneplanen som er under rullering no har ein 12 års horisont, men me veit at ein også må tenke lengre enn det. I arbeidet med utbyggingar innan skule og helse, arbeider me utifrå framskrivingar av folketal og folketalssamansetting til 2040. Det er tal frå SSB me legg til grunn i dette arbeidet. Det er viktige val som skal takast, og det er store investeringar me skal gjera. Vedtaket om skulesentralisering og bygging av ny skule for 1-4 klasse er gjort. Skulebygget, parkeringsanlegg, utbygging av Trøimshallen og omgjerung av Ulså skule til barnehage er stipulert til 180 millionar kroner. Kommunen har rundt 150 millionar kroner i lån i dag. Denne utbygginga vil doble lånegjelda vår. Og, det er også mykje meir som må investerast dei komande åra.

Skuleutbygginga er basert på SSB sin tal med 40 born på kvart årstrinn i 2040. SSB sin tal syner også kor mange eldre over 80 år me vil vera i 2030 og 2040. Hemsedal får den såkalla eldrebølga noko seinare enn landssnittet, men talet stig jamt utover. No er det ca 100 personar som er 80 år eller meir. I 2040 vil det talet vera 190 personar. Desse tala er ikkje avhengige av folketalsvekst på same måten som veksten i barnetalet. Utbygging av sjukeheimplassar og omsorgsbustader må me gjera uansett. Me må starte ganske snart for det er lite eller ingen ledig kapasitet no. Helsetenestene er spreidd på fleire plassar. Psykisk helse, helsesystem, fysioterapi og andre tenester er plassert på 3 forskjellige stader og med dårleg tilpassa arbeidsrom. Kvar skal framtidens helsesenter byggjast, er også eit av spørsmåla me må avklare no. Det er 2 hovudalternativ. Saman med legetenestene og ambulansen ved kommunehuset, eller ein eller annan plass ved Bygdaheimen. Her kjem areal- og trafikkvurderingar inn som viktige argument i tillegg til samlokalisering av tenestene og nærleik til brukarane. I eit notat frå helse- og omsorgssjefen er desse investeringane stipulert til ein kostnad på 150 millionar kroner.

Nye tiltak innan vatn og avløp (VA) må også gjerast viss me fortsatt skal vera ein næringsvennleg kommune som legg til rette for vidare utvikling i bygda. Nye bustadfelt må også opparbeidast. Det er få tomter att i kommunale felt no, så i 2019 må nye tomter vera klare for sal. Det er BU7, mellom Bekkedalen og Hulbakvegen, som er prioritert i fyrste omgang.

Kommunalt badeanlegg er også tema. Det er krav om symjeundervisning i skulen som me slit med å dekke opp på ein forsvarleg måte. Det blir brukt mykje tid på køyre elevar til basseng i Gol, Nes, Torpo eller Borgund. Det har vore jobba med å få eit bassengtilbod saman med næringa, men det er ikkje lett få til noko. Derfor er kommunalt badeanlegg for å ivareta skulen og helse sine behov, noko som no blir vurdert. Eit aktuelt område dersom det skal byggjast nær skulen, er vest for Trøimshallen.

Det er store investeringar som må gjerast i åra framover. Det er gjort vedtak om å innføre generell eigedomsskatt frå og med året 2020. Dette vil gje ei ekstra årleg inntekt på kanskje 10 millionar kroner. Det er nok til å dekke kapitalkostnadene på halvparten av investeringane eg har nemnt i dette hjørna. Så er det ein del uvisse korleis inntektssystemet for kommunane vil slå ut for oss framover. Alle vurderingar må gjerast utifrå det som kjent no. Det må til ei streng prioritering på investeringar, for me ynskjer å føre vidare det gode tenestetilbodet me har. Kapitalkostnader og utgifter til skule, helse og anna drift blir tatt frå same driftsbudsjettet. Fram mot sommaren blir det laga økonomivurderingar som strekkjer seg mykje lengre enn budsjettperioden. Dette for å finne ut toleevna vår. Kommunestyret får mange viktige saker framover.

Helsing

Oddvar Grøthe, ordførar